



Sakshandsamar:

Jo-Andreas Lunde Meisfjordskar
E-post: Jo-Andreas.Lunde.Meisfjordskar@sfj.no

Vår ref.

Sak nr.: 16/4574-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19273/16

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 06.06.2016

Hallvard David Falck Husum
Alfheim Skog og Jakt AS

Vedk søknad om tilskot til Prosjekt Tretopphytter

Vi viser til søknad datert 30.05.2016 der de søker om 300 000 kr til å bygge Tretopphytter for utleie i Amla Nedre i Sogndal kommune.

Dette prosjektet blir vurdert til å være ei bedriftsretta satsing, inn mot ei bedrift. Slike søknader skal rettast til Innovasjon Norge, eller til kommunale næringsfond som kommunen eller næringsselskapet forvaltar. Fylkeskommunen tildeler midlar til Innovasjon Norge, og til kommunar som forvaltar dei kommunale næringsfonda. Fylkeskommunen si bedriftsretta satsing skjer følgjeleg gjennom desse.

Fylkeskommunen støttar tiltak som når breitt i motsetning til bedriftsretta tiltak som hovudsakleg rettar seg mot ei bedrift.

Retningslinene for virkemiddelbruk peikar på Innovasjon Norge og kommunale næringsfond med tenke på støtte ein einskildbedrifter. Vi kan følgjeleg ikkje imøtekome søknaden dykker om støtte. Avslaget er gjort med grunnlag i dei nemnde retningslinene for virkemiddelbruk. Vi er elles kjent med at søknaden dåkkar er behandla hos Innovasjon Norge.

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i [klagehandboka](#).

Eventuelle spørsmål i tilknyting til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Jo-Andreas Meisfjordskar
trainee

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar

Hallvard David Falck Husum

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde
Næring: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans:	
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, eller postmottak.sentraladm@sfj.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal først handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikke dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker fra den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikke har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du bør også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensinger har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærmere rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.